

Myrken
til erke-
rivalen?

Sport
SIDE 12 OG 13



Mista opp-
drag i tøff
marknad

Nyheter
SIDE 4



FIRDA

FREDAG
27.11

BREIBAND

med støtte til kultur og
treningsglede i fylket

eninvest

NR. 276 ■ VEKE 48 2015 ■ LAUSSAL KR 30,- ■ 98. ÅRGANG

firda.no

Sjokk: Ikkje kjend med Sævik-tilbod

FJORD1: Få dagar før fylkestinget vedtok Fjord1-salet til Torghatten, foreslo Per Sævik og Havila ei løysing som dei meiner ville gitt fylkeskommunen milliardinntekt, utan risiko for rettsak om forkjøpsretten. Fylkesrådmann og fylkesordførar visste om innspelet. Fylkestinget vart ikkje informert. **SIDE 2**

Nytt bustadkompleks i Askvoll



EKSKLUSIVT: I over 70 år har det lege ein hermetikkfabrikk ytst på den gamle kaia i Askvoll. Om kort tid skal den byggast om til 6 eksklusive bustader.

EIGEDOM SIDE 14-15

● **KOMMUNESAMANSLÅING**

Redd fallitt i Sunnfjord

Ove Varlid i Førde Senterparti fryktar at alle alternativa som svirrar i lufta, vil ende med fallitt for heile kommunesamanslåingsprosessen i Sunnfjord. **SIDE 6**

● **KOMMUNESAMANSLÅING**

Held Grotle på pinebenken

Gloppen formannskap har vedteke at kommunestyret må avgjere kva kommunestruktur Gloppen skal gå for. Det kan tidlegast skje 14. desember. **SIDE 7**




NYHEITER

TIPS OSS!

57 83 33 33

Har du tips eller idear om lokale nyheitssaker vi bør ta tak i? Kontakt oss på telefon, e-post, Facebook, Twitter eller Instagram. Du kan også tipse oss med video. Ferskaste nytt finn du på **firda.no**. E-post: **redaksjon@firda.no**. SMS/MMS: **fitips til 2005**



MILLIARDTILBOD: Meklarhuset Per Sævik og Havila nyttar lanserte på overtid eit framlegg til ei salsløyning dei meiner ville gi fylkeskommunen meir pengar enn Torghattens bod, til langt mindre risiko og utan element med usikre føresetnader. Korkje fylkesutvalet eller fylkestinget vart gjort kjende med innspelet. **ARKIVFOTO: HELGE JOHNSEN**

Sævik i fleire dagars kontakt med rådgivarane om Fjord1-løysing

Tilbod ingen fekk sjå

NÆRINGS- LIV: Eit forsøk frå Havila på ei alternativ løysing i Fjord1-saka vart aldri brakt inn for fylkespolitikarane.

HELGE JOHNSEN
helge.johnsen@firda.no
911 49 810

SAKA

■ Fylkestinget vedtok måndag med ei røyst overvekt å selje fylkeskommunens aksjar i Fjord1 til Torghatten. Minoritetseigar Havila står fast på at dei har forkjøpsrett.

- Vi opplever ikkje at tilbodet vart teke seriøst, seier Havila-eigar Per Sævik til Firda.

Fire dagar før fylkestinget vedtok salet av Fjord1 til Torg-

hatten, fremja Per Sæviks selskap Havila AS eit framlegg til løysing som dei meinte ville gi milliardinntekt for fylkeskommunen, ingen risiko for rettssak om forkjøpsretten, og heller ikkje risiko for problem med Konkurransetilsynet. Havila skal også ha argumentert med at ein her ikkje tok inn den typen usikre bonusopplegg som låg i Torghattens tilbod. Opplegget vart ikkje fremja som eit formelt bod, men spelt inn overfor fylkeskommunens rådgivarar som eit alternativt framlegg til løysing.

Tala

Første steg i Havilas løysing, er at fylkeskommunen skulle selje ti prosent av Fjord1-aksjane til Havila. Det ville gi Havila 51 prosent og kontroll i selskapet. Vidare handlar opplegget om utbyte, og til slutt eit sal av

restaksjane i 2019.

Tal Firda kjenner til, summer opp at eit sal til Havila etter det nye alternativet ville gitt fylkeskommunen 1,175 milliard kroner over ein periode fram til 2019. Torghattens tilbod, når den usikre bonus-biten er trekt frå, ville gi 883 millionar kroner, rekna i dagens pengeverdi.

Havilas formelle bod, som vart lagt inn 2. november, låg på 859 millionar kroner.

Firda har kontakta Havila-eigar Per Sævik og lagt fram for han tala vi kjenner til. Sævik stadfester på spørsmål frå Firda at det i fleire dagar vart ført ein dialog med fylkeskommunens rådgivarar om innspelet, men at Havila opplevde at deira framlegg til løysing ikkje vart teke seriøst. Sævik seier at det biletet Firda teiknar av talmaterialet verkar korrekt, så langt han kjenner til.

Aps fylkesutvalsmedlem Hilmar Høl seier at initiativet frå Havila, er heilt ukjent for han.

- Dette vart ikkje nemnt korkje i fylkesutval eller fylkesting. Denne farsen blir større og større, seier Høl.

Heller ikkje gruppeleiar Sigurd Reksnes i Senterpartiet - partiet som stod i front for salet til Torghatten - kjenner til at Sævik og Havila lanserte det nye initiativet sitt i førre veke.

Etter bodfristen

Fylkesordførar Jenny Følling (Sp) seier ho vart kontakta av meklarhuset Havila nyttar, men at ho overlét saka til rådmannen.

- Innspelet kom langt etter bodfristen, som var 4. november, seier Følling til Firda.

Fylkesrådmann Tore Eriksen seier at han kontakta fylkeskommunens rådgivarar på opp-

drag frå fylkesordføraren.

- Meklarhuset til Havila pressa på for å få dialog med fylkeskommunen, men både rådgivarane våre og eg meinte at grunnlaget var for dårleg og altfor upresist. Initiativet kom dessutan langt etter bodfristen, og for fylkeskommunen var det heile tida viktig å gje bodgjevarane lik handsaming. Eg kan stadfeste at Havila var ein av bodgjevarane. På overtid kom det heller aldri noko formelt bodbrev frå Havila. Det som kom frå meklarhuset var på eit nivå som ikkje var mogleg å samanlikne med tilbodet frå Torghatten, seier fylkesrådmannen.

Havila-eigar Per Sævik seier det var kontakt med fylkeskommunens rådgivarar over fleire dagar, utan resultat.

- Det mangla vilje til å finne andre løysingar, seier Sævik.

ANSV. REDAKTØR



Yngve Årdal
911 49 805
yngve.ardal@firda.no

REDAKSJONSSJEF



Eirik Grane
911 49 808
eirik.grane@firda.no

NYHEITSREDAKTØR



Trond Jan Grimeland
911 49 804
trond.jan.grimeland@firda.no

ADRESSER
PÅ NETT:

Send inn video:
firda.no/lesarvideo

Facebook:
[facebook.com/firdamedia](https://www.facebook.com/firdamedia)

Twitter:
[@firdamedia](https://twitter.com/firdamedia)

Instagram:
[@firdamedia](https://www.instagram.com/firdamedia)

Stengde fylkesveg grunna rasfare

SAMFERDSLE: Fylkesveg 609 mellom Askvoll og Førde vart stengd ved Heilevang klokka 18 torsdag kveld, melder Statens vegvesen. Vegen vert stengd fram til klokka ni fredag morgon, då det vert gjort ei ny vurdering på om vegen vil opne att. Årsaka til stenginga er dei store nedbørsmengdene som er varsla for torsdag og fredag. NVE har gått ut med varsel om både flaum og jordskred. Strekninga mellom Heilevang i Førde og Hestvika i Askvoll er kjend som svært rasutsett.

Direktøren og heile styret i Fjord1 takka for seg

- Nok er nok

FYLKET: Fjord1-leinga kjende seg motarbeidde frå dag ein. Dei tek hardt oppgjær med fylkeskommunen.

HELGE JOHNSEN
OG ELINE KIRKEBØ
helge.johnsen@firda.no
911 49 810

- Vi tek fylkestingsvedtaket om Fjord1-salet til Torghatten til vitande, men vi kan ikkje vere med på det som no skjer.

Det seier styreleiar Reidar Sandal og administrerende direktør Dagfinn Neteland til Firda, etter at styreleiarane, alle dei fylkeskommunalt utnemnde styremedlemene, Havilafjords aksjonæroppnemnde styremedlem og konsernets administrerende direktør har bestemt seg for å seie takk for seg.

Avgjerda vart teken i samband med eit styremøte tysdag. Havilafjord-eigar Vegard Sævik deltok ikkje i denne diskusjonen, fordi han er part i saka.

Markerer usemje

- Vurderingane våre har ikkje blir lytta til, og det tek vi konsekvensen av, seier Sandal, på spørsmål om kvifor dei tek i bruk det sterkaste verkemiddelet eit styre har til å markere si usemje.

- Nok er nok, seier Dagfinn Neteland. Han seier følgande, om kvifor han trekker seg frå si stilling, samstundes som styret varslar sin avgang:

- Min jobb er å gjennomføre styrets avgjerder. For meg har det ikkje vore nokon diskusjon: Går styret, går eg. Eg føler at både styret og eg har blitt motarbeidde av eigaren frå dag ein. Då eg tok til som administrerende direktør i Fjord1, trudde eg at eg skulle bygge industri. I staden har eg opplevd ei samanhengande motarbeiding, at vi vart kasteball i eit politisk system, og at vi vart nekta å fortelje om det vi er pålagde å informere om etter aksjelova. Det tek eg konsekvensen av.

Kampvotering

Reidar Sandal seier han har opplevd seg motarbeidd når han har prøvd å følge opp plikta

» Vurderingane våre har ikkje blitt lytta til, og det tek vi konsekvensen av.

DAGFINN NETELAND
styreleiar Fjord1

styret etter aksjelova har til å informere største eigaren om kva strategiske val dei meiner er best for selskapet. Plikta til å gi slik informasjon gjeld spesielt når eigarskap skal overført til ein konkurrent, seier Sandal.

- Det er ein fantastisk affære. Då det nyvalde fylkesutvalet skulle tre i funksjon, sende vi eit høfleg brev til den nye fylkesordføraren, Jenny Følling, og bad om å få komme og gi utvalet ei orientering. Då ende det med kampvotering om vi skulle få orientere eller ikkje, og der fylkesutvalet vedtok med fem mot fire røyster at vi skulle få lov til dette. Det er nesten utan sidestykke at slik skjer. Etter dette vedtaket fekk vi brev frå fylkesordføraren der det vart sagt at vi skulle få snakke om situasjonen og økonomien i selskapet, og berre om det, seier Sandal.

Fekk ikkje meine om pris

- Men har ikkje Fjord1 hatt dialog med fylkeskommunens rådgivarar, under eigarskapsprosessen som har gått føre seg?

- Fylkeskommunen sette vekk heile eigarskapen sin til konsulentar som vi har hatt dia-



GÅR: Både styreleiar Reidar Sandal (til venstre), administrerende direktør Dagfinn Neteland (i bakgrunnen) og resten av Fjord1-styret går av.

ARKIVFOTO: HELGE JOHNSEN

log med, men der vi ikkje har fått vite noko. Vi fekk ikkje ein gong uttale oss om kva vi meiner er verdiane i selskapet. Dei ville ikkje ein gong vite kva vi meiner er rett pris på Fjord1. Ikkje fekk vi sjå verdifastsettinga, ikkje fekk vi sjå utkastet til aksjonæravtale. Derimot ville dei at vi skulle gi frå oss all sensitiv informasjon om alle sambanda våre til konkurrentar, før det var teke avgjerd om sal.

Etter vedtaket i fylkesutvalet måndag har vi ikkje blitt kon-

takta av korkje fylkesordførar, fylkesrådmann eller av rådgivarane. Vi har ikkje høyrte eitt ord frå nokon av dei, seier Dagfinn Neteland.

Ordknapp Følling

Fylkesordførar Jenny Følling (Sp) var ordknapp i sin første kommentar til styre- og direktøravgangen, men sa at fylkeskommunen no må ta avgjerda om avgangen til etterretning.

- Eg vil streke under at dei har hatt vår tillit, at dei har gjort ein

god jobb. Dei har snudd ei utvikling og har fått selskapet til å byrje å levere godt. Fylkestinget har tatt ei avgjerd og styret har tatt si. Så må vi ta det til etterretning og handtere saka på ein best mogleg måte, sa fylkesordføraren, då avgangen var blitt kjend.

Ho ønsker ikkje å kommentere kritikken Neteland og Sandal rettar mot henne og fylkesutvalet.

- Eg vil ikkje seie noko meir i dag enn det eg allereie har sagt.

- Tragisk og surrealistisk

FYLKET: Åshild Kjelsnes (Ap) meiner Fjord1 no står ein svært alvorleg situasjon, og at fylkeskommunen må ta kritikken.

ELINE KIRKEBØ
eline.kirkebo@firda.no

413 50 350

- Eg er ikkje overraska, men eg synest det er frykteleg tragisk. Ein kan symbolisere det med at Fjord1 er ei flott ferje som no legg ut på ein ruskete fjord, utan årar, mannskap eller mo-

tor, meiner tidlegare fylkesordførar og noverande gruppeleiar i arbeidspartiet.

- Dette er ein svært alvorleg situasjon for selskapet, fastslår Kjelsnes.

Rosar styret og leiinga

Ho meiner det heile er heilt surrealistisk med tanke på det ho skildrar som ein formidabel innsats frå leiinga og styret. Ho hyllar måten dei har brakt selskapet frå dårlege resultat og rydda opp i rot frå tidlegare eigarskap.

- No står selskapet ribba tilbake utan leiing, seier Kjelsnes. Ho forstår godt kritikken styreleiar Reidar Sandal og administrerende direktør Dagfinn Neteland i Fjord1 har retta mot fylkeskommunen rundt mangelfull dialog i saka.

- Den kritikken må vi berre ta, for den har vore manglande. Det er heilt klart ut frå mandatatet der all ekstern korrespondanse skulle gå føre seg mellom fylkesrådmannen og dei innleigde konsulentane, seier Kjelsnes.



IKKJE OVERRASKA: Åshild Kjelsnes forstår at leiinga går.